



Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 15/875-6

Arkiv: K1-023

Dato: 09.09.2015


**FRAMLEGG OM SAMANSLÅING AV TINGRETTAR - UTTALE FRÅ HJARTDAL
KOMMUNE**

Hjartdal formannskap har i møte 31.08.2015 behandla sak 052/15, om framlegg om samanslåing av tingrettar. Formannskapet vedtok følgjande:

FOR-052/15 VEDTAK:

Primært meiner Hjartdal kommune at Aust-Telemark må oppretthaldast som i dag.

Med helsing


Bjørn Rugaas
Rådgjevar

Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Formannskapet			BR

Saksansvarleg: Bjørn Rugaas	Arkiv: K1-023	Arkivnr.: 15/875
-----------------------------	---------------	------------------

FRAMLEGG OM SAMANSLÅING AV AUST-TELEMARK OG NEDRE TELEMARK TINGRETT - HØRINGSUTTALE FRÅ HJARTDAL KOMMUNE

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	05.06.2015	Det Kgl. justis- og beredskapsdepartementet	SAMANSLÅING AV TINGRETTAR - HØYRING
2	I	27.07.2015	Aust-Telemark Tingrett v/funksjonærene	HØRINGSUTTALE FRÅ FUNKSJONÆRAR VED AUST-TELEMARK TINGRETT
3	I	05.08.2015	Tinn kommune	TINN KOMMUNE SIN HØYRINGSUTTALE
5	I	17.08.2015	Adv. Felland & Kleven	ADV. FELLAND OG KLEVEN - SAMANSLÅING AV AUST-TELEMARK TINGRETT OG NEDRE TELEMARK TINGRETT

Vedlagde dokument:

Dokument nr.1, 2 og 3

Saksgang:

Formannskapet vedtek uttale

Bakgrunn for saka:

Justis-og beredskapsdepartementet har sendt ut høyringsframlegg om å slå saman tingrettar fem stader i Norge. For Telemark sitt vedkomande er framlegget er å slå saman Aust-Telemark og Nedre Telemark tingrett. Hjartdal kommune høyrer inn under Aust-Telemark rettskrins, og er difor eitt av dei berørte organa som har høve til å gje uttale til framlegget. Frist for uttale er 05.09.2015.

Domstolstrukturen i Telemark er pr dd som synt i tabellen under:

<i>Domstol, lokalisering</i>	<i>Kommunar</i>	<i>Innbyggjartal</i>	<i>Årsverk dommar/saksbeh.</i>
------------------------------	-----------------	----------------------	--------------------------------

Aust-Telemark Tingrett, Notodden	Tinn, Hjartdal, Notodden, Sauherad, Bø	31 000	3/3,5
Nedre Telemark Tingrett, Skien	Nome, Vestmar og Grenland	127 000	11/16,8
Vest-Telemark Tingrett, Kviteseid	Vinje, Tokke, Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord	14 000	2/2,5

Næraste tingrettslokalisering i Buskerud er på Kongsberg.

Som fagleg bakgrunn for framlegget frå departementet har Domstoladministrasjonen innhenta uttale frå domstolleiarane, og 60 % av desse har gjeve positiv uttale til strukturendringar.

Hovudmoment til støtte for framlegg om samanslåing er:

- domstol av ein storleik som skaper godt fagleg miljø og større samla kompetanse
- betre vilkår for å avvike ressurskrevjande saker og saker med fleire dommarar
- meir robuste og attraktive statlege arbeidsplassar som er mindre sårbare mot sjukefråvere, ferieavvikling mm.
- Justisdepartementet har i St.meld.nr 23 (2000 - 2001) lagt til grunn at ingen domstol bør ha mindre enn 4 dømande årsverk

Departementet har utarbeidd ein kortfatta analyse av økonomiske og administrative konsekvensar, der det peikast på mellom anna følgjande :

- Leigeavtala for Aust-Telemark tingrett går fram til 2024. Avtala kan seiast opp tidlegare, men ein må da kompensere for fysisk tilpassing, kostnadsrekna til 3 mill. Vidare vil det vere behov for auka areal i Skien Tinghus, noko som vil medføre auka husleige..
- Fleire av brukarane av Aust-Telemark tingrett - advokatar, bistandsadvokatar, statsadvokatar og sakkunnige er heimehøyrande i Skien/Porsgrunn, og vil få kortare reiseveg. For tilsette busett i vår region og det rettsøkjande publikum i Aust-Telemark syner departementet til at regionen har relativt korte og effektive reiseavstander med tog mellom Notodden og Skien og buss/tog mellom Rjukan og Skien.

Departementet uttaler også at: "det vil være mulig å endre hvilken rettkrets den enkelte kommune skal tilhøre dersom det er hensiktsmessig."

Vurdering:

Tingretten har som oppgåve å vere første dømmende instans i sivile saker og i straffesaker. I straffesaker skal straffbare handlingar utført i Aust-Telemark rettkrins pådømast i samme rettkrins, anten i forhørsretten eller tingretten.

Sivile saker kan vere saker der saksøkte er busett i rettskrinsen, samt diverse andre sakstyper som tvistesaker, søksmål mot arbeidsgjevar, erstatnings-og oppreisningssaker og forbrukartvistesaker.

Tingretten er i tillegg namnsrett i tvangsfullbyrdelsessaker, ansvarleg for dødsboskifte og offentlege felleseieskifte, konkurssaker, notarialforretningar, vigslar og dødsfallregistrering.

Tingretten har ein funksjon som kan ha innverknad på innbyggjarane sin kvardag på mange ulike område. For det rettsøkjande publikum er difor lett tilgang til rettsvesenet sin førstelinjeteneste eit viktig prinsipp.

For Hjartdal kommune vil difor geografi og avstand vere eit hovudmoment når det gjeld å vurdere departementet sin framlegg om å slå saman tingrettskrinsane i Aust-Telemark og Nedre

Telemark med lokalisering i Skien. Samstundes bør også prinsipp om rettssikkerheit og likeverd uavhengig av bustad spele inn.

Rådmannen vurderar konsekvensane av eventuell flytting av tingretten frå Notodden til Skien til å vere negativ i høve til rettssikkerheitsprinsipp og likeverd. Fordi:

- Sakspartar, vitner, sakkunnige, prosessfullmektige og andre busett i Hjartdal vil opp mot tredobbel reisetid og -avstand og sterk auke i reiseutgifter og tidsbruk. I saker med befaringar vil det bli risiko for auka rettsgebyr av same årsaker. For publikum som er avhengig av kollektivtransport vil tingretten vere heilt utilgjengeleg deler av året utan å bruke svært kostbar drosjetransport. For fleire kategoriar brukarar av rettsvesenet vil rettsvesenet opplevast som utilgjengeleg og ulikt fordelt til innbyggjarane i landet.
- Påtalemyndigheiten i Aust-Telemark er i dag lokalisert på Notodden Politikammer, og samlokalisert med tingretten. Flytting av tingretten til Skien vil medføre meirutgifter og auka tidsbruk for påtalemyndigheiten, og vil påverke effektiviteten negativt for denne delen av rettssystemet.
- Risiko for at regionen Aust-Telemark får redusert attraktivitet i høve til juridisk kompetanse, med generell utarming av rettshjelptilbodet i denne delen av fylket som resultat.
- For brukarar av rettskrinsen sine sivile rettstenester som til dømes hjelp i skiftesaker i dødsbo vil eit tilbod i Skien opplevast som svært utilgjengleg. Dette er ein prosess som for dei aller fleste vil vere ei utfordring ein møter ein gong i livet, og gjerne i ein livsfase da ein er mindre mobil enn i yngre dagar. For desse brukargruppene kan departementet sin argumentasjon om kort og effektiv reiseavstand lett opplevast som arrogant og kunnskapslaus.

Rådmannen stiller seg undrande til at det i Buskerud synast akseptabelt å oppretthalde to kontor i relativ kort avstand mellom Kongsberg og Hokksund etter samanslåing av Kongsberg tingrett og Sigdal, Eiker og Modum tingrett, medan ei slik løysing ikkje foreslås for Telemark sitt vedkomande, der avstandar er større både i tid og rom. Departementet nyttar eit økonomisk vurderingsgrunnlag som grunngeving for ordninga i Buskerud trass i at dei økonomiske konsekvensane ved samanslåing i Telemark er større.

Hjartdal kommune har saman med kommunane i Aust-Telemark starta ein prosess der kommunestrukturen skal vurderast. I høve til ulike perspektiv i denne prosessen uttaler departementet i høyringsbrevet at dei føreslegne samanslåingane vurderast å vere framtidsretta og robuste uansett utfall av kommunereforma. Rådmannen er ikkje heilt samd i dette, og er av den oppfatninga at strukturendringar innan rettskrinsinnndeling burde vente til utfall av kommunereforma er kjent.

Om departementet vel å gjennomføre strukturendringa slikk det er føreslått, vil det for Hjartdal kommune sin del vere hensiktsmessig å be om endring av rettskrins for kommunen, slik departementet opplyser at vil vere mogleg. Sett ut frå geografiske kriterier vil det med dagens kommunestruktur vere mest hensiktsmessig med overføring til Vest-Telemark tingrett i Kviteseid eller Kongsberg tingrett i Buskerud. Om ein legg tilgjengelegheit med kollektivtransport til grunn vil Kongsberg vere den beste løysinga. Ei eventuell endring i kommunestrukturen i Aust-Telemark vil kunne påverke Hjartdal kommune sitt val av tilhørigheit i tingrettsstrukturen.

Konklusjon:

Rådmannen er kritisk til framlegg om samanslåing av tingrettskrinsane i Aust-Telemark og Nedre Telemark, og til tidspunktet. For innbyggjarar i vår kommune vil den føreslegne samanslåinga få konsekvensar som for mange vil kunne opplevast som store og med risiko for å svekke rettssikkerheiten i kommunen og regionen.

RÅDMANNEN TILRÅR:

1. Primært meiner Hjartdal kommune at Aust-Telemark må oppretthaldast som i dag.
2. Sekundært meiner Hjartdal kommune at ein eventuell samanslått tingrett (Aust-Telemark og Nedre Telemark tingrett) må ha kontorstad på Notodden og i Skien
3. Tertiært meiner Hjartdal kommune at dersom konklusjonen blir berre to tingrettar i Telemark må desse to lokaliserast i Skien og Notodden og namngjevast Nedre Telemark og Øvre telemark tingrett.
4. Dersom samanslåinga gjennomførast i tråd med departementet sitt framlegg må Hjartdal kommune be om overføring til ny rettskrins i Kongsberg eller Vest-Telemark.

:

31.08.2015 Formannskapet**VOTERING:**

Rådmannen si tilråding til pkt 1 blei samrøystes vedteke.

Rådmannens si tilråding til pkt 2 falt mot 5 stemmer

Rådmannens si tilråding til pkt 3 falt mot 5 stemmer

Rådmannens si tilråding til pkt 4 falt mot 5 stemmer

FOR-052/15 VEDTAK:

1. Primært meiner Hjartdal kommune at Aust-Telemark må oppretthaldast som i dag.